

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Administrasjonsutvalet</b>
<b>Møtestad:</b>	Sunnhordland, 4. etasje, Fylkeshuset
<b>Dato:</b>	07.09.2017
<b>Tid:</b>	12:00

### Program

Kl 12 – 14      Saksbehandling

Til dette møte har Anne Gine Hestetun meldt forfall. Kari S Bernardini vert kalla inn som vara.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall).

Innkallinga gjeld valde medlemer i Administrasjonsutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Pål Kårbø  
utvalsleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 16/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 17/17	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 18/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 6/17	Lokal lønsdanning i Hordaland fylkeskommune	2017/4277	
RS 7/17	Tilrettelegging for arbeidstreningsplassar i Hordaland fylkeskommune	2017/365	
RS 8/17	Sjukefråvær HFK 2. kvartal 2017 - førebels notat	2014/12154	
PS 19/17	Ymse		

**PS 16/17 Godkjenning av møteinnkalling**

**PS 17/17 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**PS 18/17 Referatsaker (meldingar)**

**Notat**Dato: 28.08.2017  
Arkivsak: 2017/4277-4  
Saksbehandlar: karoen\_

---

**Til:** Administrasjonsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Lokal lønsdanning i Hordaland fylkeskommune**Innleiing

I møte i administrasjonsutvalet den 18. mai 2017 vart administrasjonen beden om å gjere følgjande analyse:

**«Administrasjonsutvalet ønskjer eit oversyn over talet på tilsette som er omfatta av lokal lønsdanning kap. 3 og 5 i tariffavtalen, og korleis utviklinga har vore dei siste åra. Ein ønskjer også ei samanlikning med relevante fylkeskommunar.»**

Lokal lønsdanning

Lokal lønsdanning vil seie at all lønsregulering skjer lokalt (av HFK) i motsetnad til sentral lønsdanning der Kommunenes Sentralforbund (KS) gjennomfører forhandlingar med arbeidstakarorganisasjonane sentralt om årleg lønsregulering. I sistnemnde tilfelle vert det m.a. gjort justeringar på lønsstigar for normerte stillingar (lærarar, fagarbeidar m. fl.). Og som oftast vert ein liten del av den økonomiske ramma sett av til lokale forhandlingar.

Dei som har lokal lønsdanning høyrer til hovudtariffavtalen (HTA) kap. 3 (leiarkapitlet) og kap. 5 («akademikarkapitlet») medan dei som har sentral lønsdanning kjem inn under hovudtariffavtalen kapittel 4.

Historikk

Ordninga med lokal lønsdanning kom inn i hovudtariffavtalen ved tariffoppgjeret i 2002. Vi fekk då eit nytt kapittel i HTA – kap. 5 – som opna for lokal lønsdanning i stillingar med krav om høgare akademisk utdanning. Også nærare definerte leiarstillingar kom inn under ordninga i kap. 5, men er seinare samla i eit eige leiarkapittel - kap. 3 – i hovudtariffavtalen.

Det var etter press frå akademikarorganisasjonane at KS gjekk med på å opna for lokal lønsdanning. Men det må og leggjast til at både kommunar og fylkeskommunar hadde øvd press på KS for å få til eit meir fleksibelt forhandlingssystem med meir frihet lokalt til å fastsetje løn for tilsette.

Nokre justeringar i forhandlingsbestemmelsane har vi fått sidan 2002 og i dag framstår forhandlingskapitla i HTA som eit godt verktøy for kommunar og fylkeskommunar i høve til lønsfastsetting. Hovudregelen er at ein må ha høgare akademisk utdanning for å bli innplassert i kap. 5 og innplassering i kap. 3 føreset at ein har funksjon som toppleiar, verksemdleiar eller annan leiar med delegererte fullmakter innan budsjett-, økonomi-, og personalområde eller minst eit av desse ansvarsområda.

### Lokal lønsdanning i HFK

HFK har 4.616 tilsette (3.925 årsverk) pr. 1.7.2017. Av desse er 1.006 tilsette (895 årsverk) knytt til HTA kap. 3 og kap. 5 med lokal lønsdanning. Dette utgjør 21,8 % av totalt tilsette i HFK. Resten – 3.610 tilsette - høyrer til kap. 4 der lærarane utgjør hovuddelen med om lag 70 prosent.

I Hordaland fylkeskommune er i hovudsak følgjande leiarstillingar lagt til kap. 3; Fylkesrådmann, fylkesdirektørar, andre direktørar, seksjonsleiarar i fylkesadministrasjonen, rektorar, assisterande rektorar og avdelingsleiarar i vidaregåande skule, overtannlegar og klinikkleiarar. Til saman utgjør dette 327 tilsette. Dette utgjør 7,1 % av totalt tilsette i HFK.

NB! Rektor, assisterande rektor og avdelingsleiar i vgs (til saman 213 tilsette) er i utgangspunktet lagt til tariffavtalen kap. 4 (med sentral lønsdanning), men kommunane/fylkeskommunane står fritt til å overføre desse til kap. 3. HFK gjorde denne overføringa i 2004 for rektor. Og fire år seinare vart også assisterande rektor og avdelingsleiarane overført til kap. 3. Grunngevinga for å overføre skuleleiarstillingane frå kap. 4 til kap. 3 var eit ønske om å få meir lokal styring med lønsfastsettinga av overordna leiarstillingar i HFK i tillegg til å kunne sjå meir heilskapen i lønspolitikken.

Når det gjeld HTA kap. 5 («akademikarkapitlet») så er dette hovudsakleg stillingar med krav om høgare akademisk utdanning. I denne gruppa høyrer ingeniørar, tannlegar, psykologar, juristar, saksbehandlarar i fylkesadministrasjonen (rådgjevar, spesialrådgjevar, seniorrådgjevar) pluss nokre underordna leiarstillingar som HFK har vald å plassere i kap. 5 i staden for kap. 3 ( m.a. leiar administrasjon i skole).

Dei som er plassert i kap. 5 utgjør til saman 679 tilsette. Dette utgjør 14,7 % av alle tilsette i HFK. Det ligg vedlagt til saka eit oversyn over alle stillingar i kap. 3 og kap. 5 som HFK nyttar i dag.

### Lønsutvikling kap. 3 og 5 versus kap. 4

I utgangspunktet er den økonomiske ramma for dei årlege lønsforhandlingane lik for alle tre kapitler. Men KS har gjennom sine analyser, basert på tal frå kommunar/fylkeskommunar vist at lønsutviklinga dei seinare åra har vore betre i kap. 3 og 5 enn i kapittel 4. Seinast i 2016 var årslønsveksten for kapittel 5 på 2,8 %, kapittel 3 hadde 3,0 %, medan den var 2,5 % for kapittel 4 (nasjonale tal).

Dette heng nok nært saman med at kommunar/fylkeskommunar har andre utfordringar i kap. 3 og 5 enn i kap. 4 når det gjeld rekruttering og halde på kompetanse og at dette kan være lønsdrivande. Vi har ikkje gjennomsnittstal over utviklinga for kvart kapittel i HFK, men vi har teke ut tal for nokre relevante grupper for å samanlikna jf. tabellen.

### Lønsutvikling HFK 2014 - 2016 for relevante grupper \*)

Kapittel	Stillingsgruppe	Lønsutvikling i % (samla for perioden des.2014 - des.2016)	Årslønsvekst
3.4.2	Rektor	5,5 %	2,75 %
3.4.2	Avdelingsleiar vgs	4,7 %	2,35 %
3.4.2	Seksjonsleiar og andre leiar fylkesadministrasjonen	7,5 %	3,75 %
3.4.2	Klinikkleiar	5,6 %	2,8 %
4.2	Lektor med tilleggsutdanning	4,7 %	2,35 %
4.2	Lektor med tilleggsutdanning I (avansementstilling)	4,7 %	2,35 %
4.1	Tannhelsesekretær	3,7 %	1,85 %
4.1	Reinhaldar	6,5 %	3,25 %
4.1	Merkantile (konsulent, førstekonsulent, spesialkonsulent)	4,3 % **)	2,15 %
4.1	Driftsleiar m/fagbrev	4,9 %	2,45 %
4.2	Tannpleiar	5,0 %	2,5 %
5	Rådgjevar	4,1 %	2,05 %
5	Spesialrådgjevar	5,4 %	2,7 %
5	Seniorrådgjevar	4,6 %	2,3 %
5	Tannlege	4,2 %	2,1 %
5	Ingeniørar (ingeniør, overingeniør, avd. ing., driftsing.)	7,9 %	3,95 %

\*) Lønsutviklinga speglar både stillingsendringar, nyttilsetjingar, marknadsstilpassing og lønsglidning i tillegg til ordinær årleg lønsregulering. Grupper under 10 tilsette er ikkje med i utvalet da ekstraordinær justering for ein tilsett kan gi store utslag på lønsutviklinga for gruppa. \*\*) gjennomsnittet for dei tre stillingskategoriane.

Gjennomsnittet for rådgjevargruppa (rådgivar, spesialrådgivar, seniorrådgivar) samla er 4,7 % ( 2,35 % i årslønsvekst).

Ser vi på gjennomsnittet av årslønsveksten for dei utvalde gruppene i dei tre kapitla, jf. ovannemnde tabell, så er den som følgjer:

Kap. 3: 2,9 %

Kap. 4: 2,4 %

Kap. 5: 2,6 %

Viss desse tala er representative for dei 3 kapitla så samsvarar dei med KS sine nasjonale tal om at det har vore ei betre lønsutvikling i kap. 3 og 5 enn for kap. 4 dei siste åra.

#### Status i andre fylkeskommunar

Vi har henta inn opplysningar frå nokre relevante fylkeskommunar - Rogaland, Sogn & Fjordane, Akershus og Sør-Trøndelag – om status vedkomande lokal lønsdanning.

Felles for alle er at dei har skuleleiarane i kap. 3. Vidare er prosentdelen av leiarar i dette kapitlet omtrent lik i Hordaland som for dei fylkeskommunane vi har undersøkt.

Akershus, Rogaland og Sør-Trøndelag har derimot færre i kapitel 5 enn det HFK har. Difor kjem dei óg ut med ein mindre del med lokal lønsdanning totalt enn HFK.

Fylkeskommune	% med lokal løns-danning av totalt tilsette	Er skuleleiarane overført til kap. 3?	Merknad
Rogaland	15 %	Ja	Skuleleiarane frå 2006
Sogn & Fjordane	23 %	Ja	Rektor frå 2004, Avd. leiar frå 1.1.2015
Akershus	18 %	Ja	
Sør-Trøndelag	16 %	Ja	Rektor frå 2004, avdelingsleiar frå 2008
Hordaland	21,8 %	Ja	

Vedlegg: Stillingskodar kap. 3 og 5 nytta i HFK

### HTA Kap. 3 – Stillingskodar nytta i HFK pr 1.7.2017

Stillingskode	Tittel	Kap.	Tilsette
936200	fylkesrådmann	3.4.1.	1
945000	leiar	3.4.2.	1
945002	fylkesdirektør, øk. og org.	3.4.1.	1
945005	fylkesdirektør, opplæring	3.4.1.	1
945006	fylkesdirektør, kultur, idrett	3.4.1.	1
945007	fylkesdirektør, regional utv.	3.4.1.	1
945008	fylkesdirektør, samferdsel	3.4.1.	1
945009	fylkestannlege	3.4.1.	1
945100	leiar	3.4.2.	31
945101	seksjonsleiar	3.4.2.	16
945103	direktør	3.4.1.	3
945110	HR-direktør	3.4.2.	1
945111	IT-sjef	3.4.2.	1
945113	utbyggingsjef	3.4.2.	2
945115	stabsleiar	3.4.2.	3
945117	leiar dokumententeret	3.4.2.	1
945120	prosjektleiar	3.4.2.	5
945121	utviklingssjef	3.4.2.	1
945122	fylkesbiblioteksjef	3.4.2.	1
945124	regionleiar	3.4.2.	4
945125	drifts- og vedlikeh. leiar	3.4.2.	1
945126	kommunikasjonsdirektør	3.4.2.	1
945130	HR-leiar	3.4.2.	2
945131	HR-sjef	3.4.2.	1
945401	områdeleiar	3.4.2.	7
845164	klinikkleiar	3.4.2.	18
845165	overtannlege	3.4.2.	7
995100	rektor	3.4.2.	43
995102	avdelingsleiar	3.4.2.	133
995105	ass. rektor	3.4.2.	37

**TOTALT = 327 tilsette**

## HTA Kap. 5 – Stillingskodar nytta i HFK pr 1.7.2017

Stillingskode	Tittel	Kap.	Tilsette
808400	ingeniør	5	10
808401	overingeniør	5	8
808403	driftsingeniør	5	2
811200	spesialbibliotekar	5	11
830100	tannlege	5	120
830101	spesialtannlege	5	5
830102	tannlegespesialist	5	16
830103	tannlege - spesialistkandidat	5	3
845100	leiar	5	9
845102	byggeleiar	5	11
845104	assisterande byggeleiar	5	2
845106	leiar/it-drift	5	1
845109	administrasjonsleiar	5	2
845110	leiar administrasjon	5	27
845111	leiar avd. bibliotekar	5	6
845112	prosjekteringsleiar	5	5
847000	psykolog	5	7
847001	spesialpsykolog	5	5
847002	psykologspesialist	5	4
847003	seniorpsykolog	5	2
853000	rådgjevar	5	85
853001	spesialrådgjevar	5	141
853002	seniorrådgjevar	5	159
853011	controllar	5	4
853012	stipendiat	5	3
853013	forskningskoordinator	5	7
853014	spesialtannpleiar	5	2
853015	folkehelsekoordinator tannh.	5	5
853501	overarkitekt	5	1
958200	Tillitsvalde (løna)	5	16 *)
<b>TOTALT = 679 tilsette</b>			

\*) 8,5 årsverk



**Notat**Dato: 28.08.2017  
Arkivsak: 2017/365-4  
Saksbehandlar: johmeye

---

**Til:** Administrasjonsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Tilrettelegging for arbeidstreningsplassar i Hordaland fylkeskommune**

I forlenging av den særskilte satsinga på lærlingar i fylkeskommunen har ein sett på om fylkeskommunen kan gje tilsvarende arbeidstrening i form av praksisplass til nyutdanna arbeidsledige akademikarar.

HR-direktøren har vore i kontakt med NAV for å sjå på om det er mogeleg å kunne ta inn nyutdanna akademikarar til arbeidstrening. Ein har spesielt fokus på dei som ikkje har fått sin første faste tilsetjing etter at utdanninga var ferdig, og som har gått ledig i lang tid. NAV Hordaland har for tida sær mange akademikarar som er på jobbsøk.

På denne bakgrunn vil vi i samarbeid med NAV Hordaland kan ta inn minst ein akademikar ved kvar avdeling for arbeidstrening/ arbeidspraksis i fylkesadministrasjonen.

Målsettinga med slik arbeidstrening i Hordaland fylkeskommune er at den einskilde akademikar får høve til å prøve seg ut i ei arbeidssituasjon med reelle oppgåver som det er trong for å løyse.

Ordninga vil på mange måtar likne den som lærlingar gjennomfører i den tida dei er tilsett som lærling i fylkeskommunen.

Det har tatt noko tid for å finne ei løysing på korleis arbeidet skal organiserast. Konklusjonane frå eit møte 23. august mellom NAV Bergenhus og fylkeskommunen er gjeve slik i referatet frå NAV:

*En kort oppsummering med hovedkonklusjonene:*

- *Det er enighet om at **hovedregelen er spesifikk kvalifikasjonskrav** når det gjelder den enkelte arbeidstreningsplass; mao som en vanlig stillingsbeskrivelse.*
- ***Tilpasning** kan være ønskelig og må vurderes i det enkelte tilfelle; f.eks. hvis kravet til arbeidstreningsplassen er mastergrad i rettsvitenskap, kan dette fravikes; det kan tenkes at kandidaten som har juridisk delemne på høgskole-/universitetsnivå også kan vurderes mot arbeidstreningsplassen.*
- ***Alder**; I utgangspunktet er målgruppen 23-30 år, men kan fravikes hvis dette vurderes som nødvendig.*
- ***Felles samlinger** for kandidatene som er i arbeidstrening er ønskelig; hvordan dette skal organiseres kommer vi tilbake til.*
- *Det utarbeides en **tilretteleggings- og oppfølgingsavtale** for hver kandidat hvor kontaktinfo for Nav-veileder, evt. tilretteleggingsbehov og andre opplysninger vil framkomme.*

- **Arbeidslivssenteret v/Arbeidslivscoach vil, når dette er nødvendig, stille sine ressurser til disposisjon i oppfølgingsarbeidet for den enkelte kandidat**
- **Oppstart og inntak av kandidater fra og med midten av oktober 2017.**

**Notat**Dato: 29.08.2017  
Arkivsak: 2014/12154-19  
Saksbehandlar: fromann

---

**Til:** Administrasjonsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---


**Sjukefråvær HFK 2. kvartal 2017 - førebels notat****Samandrag**

Sjukefråværet gjekk ned i andre kvartal, frå 5,88 prosent i 2016 til 5,40 prosent i 2017, ein reduksjon på 8,1 prosent.

Fråværet har gått ned i dei fleste avdelingane, med unntak av Eigedomsavdelinga og Bybanen utbygging.

**Statistikkgrunnlaget**

Til grunn for dette førebelse notatet ligg data frå statistikkmodulen HR Analyse. Denne modulen er under utskifting og har for tida redusert funksjon. Dette, saman med vanleg forsinking i datagrunnlaget pga. ferieavvikling, gjer at dette notatet har eit avgrensa omfang.

**Sjukefråværsutviklinga over tid****Figur 1 Sjukefråvær i heile HFK, pr. kvartal, 2. kv. 2014 – 2. kv. 2017**

Fråværet i andre kvartal 2017 var på 5,40 prosent, mot 5,88 prosent i andre kvartal 2016. Dette utgjør ein reduksjon på 8,1 prosent. Kvartalstalet er det lågaste sidan 2014.

### Fordeling på avdelingane

Sjukefråværet er ulikt fordelt på avdelingane i fylkeskommunen. Ein må vere noko varsam med samanlikningar, ettersom nokre av avdelingane er forholdsvis små i tal årsverk, og dermed kan vere utsett for tilfeldige utslag i fråværsprosent.

**Figur 2:** Sjukefråvær pr. avdeling i HFK, 2. kv. 2017 samanlikna med 2. kv. 2016.

	Årsverk 06/17	2. kv. 2016	2. kv. 2017	Differanse	Differanse %
<b>HORDALAND FYLKESKOMMUNE</b>	4 006	<b>5,88</b>	<b>5,40</b>	<b>-0,48</b>	<b>-8,1</b>
EIGEDOMSAVDELINGA	244	7,15	7,87	0,71	10,0
ØKONOMI - OG ORGANISASJONSAVDELINGA	122	5,39	5,28	-0,11	-2,0
REGIONALAVDELINGA	63	6,22	6,12	-0,10	-1,6
SAMFERDSELSAVDELINGA	104	7,00	2,60	-4,40	-62,9
BYBANEN UTBYGGING	36	4,64	8,03	3,39	73,1
KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA	80	8,04	4,19	-3,85	-47,9
TANNHELSEAVDELINGA	348	9,59	7,77	-1,82	-19,0
OPPLÆRINGSAVDELINGA	3 008	5,36	5,01	-0,35	-6,5

**PS 19/17 Ymse**